

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 24.05.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Kst. Administrerende direktør Ola Rye  
**SAKA GJELD:** **Risikovurdering 1. tertial 2017**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** 027/17

**STYREMØTE:** 01.06.2017

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret tek risikovurdering per 1. tertial 2017 til etterretning.

## Oppsummering

Arbeidet med risikostyring i SAV er forankra hjå nivå 2 og nivå 3 leiarar gjennom utvida leiarmøte og arbeidet med vurderingar i leiargruppene i apoteka. Alle leiartar har i oppdrag å sjå risikobilete og aktuelle tiltak i samband med sin eigen handlingsplan og på denne måten få tiltaka knytt til aktuelle risikoområde der det er relevant.

Gjennom fyrste tertial i 2017 viser det samla risikobilete ein reduksjon for risikoområde 2 (SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredsstillande avkastning ...), risikoområde 3 (SAV bidreg til å skape pasienten si helseteneste gjennom fokus på pasientane ...) og risikoområde 4 (HMS er ein sjølvsgd del av arbeidsdagen).

Risikoområde 1 (Tal på legemiddelrelaterte skader som kan unngåast ...) er i hovudsak uendra men med auka risiko innan styringsmål 1.4 (SAV er aktiv bidragsyter i prosjekt for legemiddeltryggleik for utarbeiding av felles regionale kvalitetsindikatorar og arbeidsprosesser på legemiddelområdet ) der framdrift i regionale og lokale prosjekt pregar risikobilete for SAV.

Styringsmål 2 (SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredsstillande avkastning...) har framleis usikkerheit i høve til å ta ned risiko der ein ser at tiltak tar tid å implementere og at SAV er avhengig av både nasjonal utvikling og lokal kulturendring for å nå måla.

## Fakta

Arbeidet med risikostyring i SAV er forankra hjå nivå 2 og nivå 3 leiarar ved at risikostyringsmåla for 2017 var tema på SAV sitt utvida leiarmøte den 27.mars i år. Der gjekk vi gjennom Styringsdokument for 2017 og risikobiletet for SAV med tanke på korleis vil best skal arbeide for å redusere risikoelementa. Alle leiarar har i oppdrag å sjå risikobilete og aktuell tiltak i samband med sin eigen handlingsplan og på denne måten få tiltaka knytt til aktuelle risikoområde der det er relevant.

Risikovurdering skal etter regional risikostyringspolicy gjerast på føretaksnivå og peike på dei viktigaste risikoområda for føretaket. I samband med vurderinga av risiko ved utgangen av fyrste tertial (T1) har kvart apotek si leiargruppe vurdert risikobiletet ut frå sitt perspektiv og rapportert vurdering av dette til føretaksadminstrasjonen. Stabsleiarar og AD har ut frå dette og egne erfaringar summert opp risikobiletet for føretaket ved utgangen av T1.

Status i første tertial:

### **Styringsmål 1 «Tal på legemiddelrelaterte skader som kan unngåast i helsetenesta..»**

har risiko knytt til riktig og trygg bruk av legemiddel i heile pasientforløpet, utsetjing av innføring av Meona samt auka risiko som følge av at legemiddeltryggleiksprosjektet vert avslutta utan at prosjektmåla er nådd.

### **Styringsmål 2 «SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredsstillande avkastning..»**

har risiko knytt til at nasjonal strategi må utviklast og forankrast i regionane samt at kultur og

forståing for sal og marknadsarbeid må utviklast vidare. Redusert risiko knytta til systematisk gjennomføring av marknadsarbeid.

**Styringsmål 3 «SAV bidreg til å skape pasienten si helseteneste gjennom fokus på pasientane ...»** har risiko i høve til i mangelsituasjonar på legemidlar og behov for å styre legemiddelkostnader medan risiko innan brukarundersøkingar og dialog med kundar er redusert .

**Styringsmål 4 «HMS er ein sjølvsgt del av arbeidsdagen..»** har risiko knytt til ulike rutinar ved produksjon av cytostatika, oppfølging av ruinar for avviksmelding og bruk av synergi samt risiko for småskader (stikk og kutt).

Det er ikkje teke inn nye eller teke ut risikomoment i tertialet.

#### **Kommentarar**

Tiltak i høve til dei identifiserte risikoområda er innarbeid i dei ordinere handlingsplanane i SAV.

#### **Konklusjon**

Samla sett er risiko noko redusert i første tertial og alle delmål har risiko på eit nivå som kan handterast. Under Styringsmål 1»Talet på legemiddelrelaterte skadar som kan unngåast Styringsmål 2 «SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning..» er det delelement med høg risiko ved utgangen av tertialet og der vert tiltak prioritert.

Vedlegg

1. Risikomatrise SAV 1.tertial 2017